

NY RETTSKRIVING FOR 2000-TALET

REFERAT FRÅ MØTE I RETTSKRIVINGSNEMNDA 11.-12. OKTOBER 2010

Til stades: Grete Riise, Unn Røyneland, Åse Wetås, Karin Magnetun, Svend Arne Vee, Ragnhild Bjørge, Tore Elias Hoel, Marit Hovdenak og Aud Søyland

1 GODKJENNING AV INNKALLING, REFERAT, SAKLISTE OG TIDSPLAN

Innkalling, referat, framlegg til sakliste og tidsplan vart godkjende.

2 SIDAN SIST

Møte:

Grete Riise og Aud Søyland hadde møte med Språkkonsulentene AS og med Universitetet i Bergen 15.9.

Grete Riise hadde dessutan møte med Bergens Tidende 16.9. Alle referat ligg i arbeidsrommet til nemnda.

Fredag 15.10. skal Grete Riise og Aud Søyland ha møte med tekstekontoret i NRK, og med omsetjar Tove Bakke.

Innlegg:

På Nynorsk 2001 har nemnda lagt ut to innlegg; eitt om kløyvd infinitiv, og eitt om *de/dykk*. Det har ført til ein del nye innlegg.

Svar frå Utdanningsdirektoratet:

Språkrådet har søkt Utdanningsdirektoratet om at nemnda skal få tilgang til eksamenssvara i nynorsk hovud- og sidemål frå elevar ved vidaregåande i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Utdanningsdirektoratet har ikkje sendt skriftleg svar enno, men har førebels svara nei munnleg, og viser til åndsverklova. Nemnda ønskjer berre å sjå på enkeltord og -former, og vil ikkje sitera frå oppgåvene eller bruka setningselement på nokon måte. Nemnda vil følgja opp saka, og skriva eit brev der me klargjer dette for Utdanningsdirektoratet.

3 AKTUELLE OPPGÅVER

1) Artikkel til Bergens Tidende

Bergens Tidende har bedd om ein artikkel frå nemnda .

Grete skriv, Ragnhild og Åse blir med på det.

2) Innlegg til *riss*

Studentbladet *riss* ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap ved NTNU i Trondheim ber òg om eit innlegg i eit nummer av bladet som skal handla om norske utopiar.

Grete skriv saka; Svend Arne og Unn blir med og gir innspel.

3) Innlegg på nettsida og i bladet til Utdanningsforbundet, Skolenes landsforbund og Lektorlaget

Karin og Tore Elias skriv det innlegget.

4) Tilskot til Det nynorske tekstkorpuset

Synnøve Myking har no tilrettelagt alle nasjonale dokument for Nynorskorpuset. Me er såleis ferdige med innsamlingsarbeidet me hadde planlagt. Dei kommunale og statlege nettekstane som Synnøve Myking har tilrettelagt tidlegare, er lagde inn i korpuset.

4 HØYRINGSMØTET 21. FEBRUAR

Det er for lenge sidan bestemt at me skal halda høyringsmøte i Nasjonalbiblioteket 21. februar 2011. Språkrådet har gitt oss i oppgåve å laga program for dagen. Desse punkta må på plass:

- a. Invitasjon (førebels invitasjon har gått ut til dei som var høyringsinstansar sist, og ein del fleire)
- b. Tidsramme: 10.00–15.00
- c. Møteleiar
- d. Program
 - Opning
 - Språkdirektøren ynskjer velkomen og presenterer oppdraget.
 - Leiaren i rettskrivingsnemnda svarer på oppdraget og presenterer hovudtrekka i framlegget.
 - Konkrete spørsmål til nemnda (fordeling av svar)
 - Lunsj
 - Fritt fram for reaksjonar og innlegg
 - Kort oppsummering og avslutning

Me vurderer å ha eit kulturelt program innleiingsvis.

Det er dei store linjene som skal diskuterast på møtet, og det er dei me inviterer til diskusjon om. Dersom folk har innspel på andre ting, må dei levera det skriftleg. Generelt bør alle innspel leverast skriftleg.

5 FORMVERKET – MEIR OM VERB

Desse emna er omtala her:

- Infinitivsendinga
- Verb med e- og a-bøying
- Verb med preteritum på -de og -te
- Samsvarbøying av perfektum partisipp i predikativ stilling
- [-d]-bortfall i supinum og i inkjekjønnsforma av perfektum partisipp
- Samsvarbøying av svake partisipp av sterke verb
- Bøying av nokre enkeltverb

INFINITIVSENDINGA

Det har kome nokre innspel om kløyvd infinitiv på bloggen vår, etter at me la ut vårt innlegg.

Karin har gått inn på nettsidene til nokre nynorskkommunar på Austlandet. Det blir brukt ein del kløyvd infinitiv der.

Synspunkt for og imot å halda på kløyvd infinitiv:

- Det er viktig å behalda kløyvd infinitiv fordi nynorsken er så truga på Austlandet og i Trøndelag. Det står i mandatet at me skal balansera.
- Dersom me tek bort i-målet, bør me òg ta ut kløyvd infinitiv; begge systema er lite frekvente. Me må vera konsekvente i argumentasjonen vår.
- Dersom me skal gå inn for å behalda kløyvd infinitiv, må me sjå på kva slags argumentasjon me bruker. Omsynet til Austlandet kan vera eit slikt argument.
- Undersøkingane frå 2002 tyder på at kløyvd infinitiv er lite i bruk.
- Me veit ikkje så mykje om bruken av kløyvd infinitiv i skrift. Det verkar ikkje som det vekker så sterke kjensler blant austlendingane om han blir borte frå den offisielle nynorsknorma.
- Me har kutta mange former på grunn av frekvens. Har me teke nok omsyn til talemålet over heile landet?
- Viss me beheld kløyvd infinitiv no når tonivåsystemet med hovudformer og klammeformer skal bort, kan me risikera at det kjem lærebøker med kløyvd infinitiv til bruk i heile landet.

Førebels vedtak om infinitivsendinga i nynorsk:

Innanfor nynorskrettskrivinga skal ein kunna bruka a-infinitiv eller e-infinitiv. Kløyvd infinitiv går ut av rettskrivinga.

VERB MED E- OG A-BØYING

Førebels vedtak om e- og a-bøyning:

I verb som etter rettskrivinga har både a- og e-bøyning, kan ein nytta såkalla "blanda bøyning". Det vil seia at desse verba kan få *-ar* i presens og *-de* eller *-te* i preteritum.

VERB MED PRETERITUM PÅ -DE ELLER -TE

Alternativa er:

- A. Full jamstilling mellom *-de* og *-te* i dei orda som i dag har slik jamstilling, ev. *-de/-te* som hovudform og sideform.
- B. Ei mellømløysing der hovudgrupper får *-de* eller *-te*, men valfridom på nokre verb.
- C. Innstramming til den tradisjonelle regelen om *-de* etter stemd konsonant og *-te* etter ustemd konsonant.

Frå debatten:

Grunnen til at det kjennest naturleg med *-de* etter konsonantane i GOD VOM (ev. VI BYGDE OM), er at det er stemde konsonantar, mens det er naturleg med *-te* etter dei ustemde konsonantane.

Tendensen er at ein del verb òg får a-verbøying. Men mange verb som er a-verb i nynorsk, har òg *-de/-te* i talemålet. Det blir derfor vanskeleg for mange dersom me gjer fleire e-verb om til reine a-verb.

Ein metode som kan brukast etter dagens rettskriving, er at ein ikkje deler verba i e- og j-verb, men i dei med stamme som endar på ein av konsonantane i VI BYGDE OM, og dei med stamme som endar på ein av konsonantane i FOLKEPENSJONISTAR. For elevane er det ein grei regel at dei skal bruka *-de* etter konsonantane i VI BYGDE OM, og *-te* etter konsonantane i FOLKEPENSJONISTAR. Regelen fungerer greitt dersom me også i framtida skal tillata valfridom mellom *-de* og *-te*, slik det er i den vide rettskrivinga i dag.

Det var semje om å stramma inn, men at det er vanskeleg å finna ein enkel og konsistent regel for fordelinga av *-de* og *-te*.

Førebels vedtak om preteritum av j- og e-verb:

- J-verb har endinga *-de* som eineform i preteritum. Nokre j-verb kan i tillegg ha *-te*:
 - *fortalte, talte, smurte, spurte*
- E-verb med stammeutgang på *v, g, d* eller *m* (konsonantane i VI BYGDE OM) får endinga *-de* i preteritum. Nokre av desse kan i tillegg ha *-te*:
 - *bestemte, dømte, limte, svømte*
- E-verb med stammeutgang på *f, l, k, p, n, s, t* eller *r* (konsonantane i FOLKEPENSJONISTAR) har endinga *-te* i preteritum. Nokre av desse kan i tillegg ha *-de*:
 - *neglde, siglde*
 - *brende, brynde, egnde, erkjende, femnde, kjende, løynde, nemnde, regnde, røynde, stemnde, tende*
 - *hørde, kørde*

Følgjer for j-verb:

Infinitiv	Presens	Preteritum i dag:	Framlegg i 2010:	Merknad
-lj-				
<i>dvelja</i>	<i>dvel</i>	<i>dvalde [dvalte]</i>	<i>dvalde</i>	<i>Dvela</i> er jamstelt form i dag, e-verb.
<i>dølja</i>	<i>døl</i>	<i>dulde [dulte]</i>	<i>dulde</i>	
<i>fortelja</i>	<i>fortel</i>	<i>fortalde [fortalte]</i>	<i>fortalde</i> el. <i>fortalte</i>	
<i>hylja</i> (sveipa)	<i>hyl</i>	<i>hylde [hylte]</i>	<i>hylde</i>	Føreslår inn forma <i>hylla</i> , som a-verb
<i>kylja</i>	<i>kyl</i>	<i>kyldde [kylte]</i>	<i>kylde</i>	
<i>mylja</i>	<i>myl</i>	<i>mulde [multe]</i>	<i>mulde</i>	
<i>selja</i>	<i>sel</i>	<i>selde [selte]</i>	<i>selde</i>	
<i>skilja</i>	<i>skil</i>	<i>skilde [skilte]</i>	<i>skilde</i>	
<i>skylja</i>	<i>skyl</i>	<i>skylde [skylte]</i>	<i>skylde</i>	Føreslår inn forma <i>skyla</i> – <i>skyles</i> – <i>skylte</i>
<i>telja</i>	<i>tel</i>	<i>talde [talte]</i>	<i>talde</i> el. <i>talte</i>	
<i>velja</i>	<i>vel</i>	<i>valde [valte]</i>	<i>valde</i>	
<i>ylja</i>	<i>yl</i>	<i>ulde [ulte]</i>	<i>ulde</i>	
-mj-				
<i>glymja</i> (ljoma)	<i>glym</i>	<i>glumde [glumte]</i>	<i>glumde</i>	
<i>gremja</i> (ergra seg)	<i>grem</i>	<i>gramde [gramte]</i>	<i>gramde</i>	<i>Gremma</i> er jamstelt form, er e-verb.
<i>grymja</i> (gryla)	<i>grym</i>	<i>grumde [grumte]</i>	<i>grumde</i>	
<i>lemja</i> (lamslå)	<i>lem</i>	<i>lamde [lamte]</i>	<i>lamde</i>	
<i>semja</i> (sameina)	<i>sem</i>	<i>samde [samte]</i>	<i>samde</i>	[f. <i>semjast</i> , <i>samdest</i> [samtest].
<i>symja</i>	<i>sym</i>	<i>sumde [sumte]</i>	<i>sumde</i>	<i>Svømma</i> er føreslått inn før, som e-verb.
<i>temja</i>	<i>tem</i>	<i>tamde [tamte]</i>	<i>tamde</i>	<i>Temma</i> er sideform no, er e-verb.
<i>timja</i> (skimta)	<i>tim</i>	<i>timde [timte]</i>	<i>timde</i>	
<i>vemjast</i>	<i>vemst</i>	<i>vemdest [vemtest]</i>	<i>vemdest</i>	<i>Vemmast</i> er jamstelt form, er a-verb.
<i>ymja</i> (lyda; mulla)	<i>ym</i>	<i>umde [umte]</i>	<i>umde</i>	
-nj-				
<i>bynja</i> (hamra)	<i>byn</i>	<i>bunde [bunte]</i>	<i>bunde</i>	
<i>drynja</i> (dundra)	<i>dryn</i>	<i>drunde [drunte]</i>	<i>drunde</i>	<i>Drønna</i> er sideform no, er e-verb.
<i>dynja</i> (dundra)	<i>dyn</i>	<i>dunde [dunte]</i>	<i>dunde</i>	<i>Dønna</i> er sideform no, er e-verb.
<i>rynja</i> (ramla ned; dundra)	<i>ryn</i>	<i>runde [runte]</i>	<i>runde</i>	
<i>skrynja</i> (rumla)	<i>skryn</i>	<i>skrunde [skrunte]</i>	<i>skrunde</i>	
<i>stynja</i>	<i>styn</i>	<i>stunde [stunte]</i>	<i>stunde</i>	<i>Stønna</i> er sideform no, er e-verb.
<i>tenja</i> (strekka ut)	<i>ten</i>	<i>tande [tante]</i>	<i>tande</i>	
<i>venja</i>	<i>ven</i>	<i>vande [vante]</i>	<i>vande</i>	<i>Venna</i> er sideform no,

				er e-verb.
-rj-				
<i>berja</i> (slå; kasta)	<i>ber</i>	<i>barde</i> [<i>barte</i>]	<i>barde</i>	
<i>myrja</i> (bala; ulma)	<i>myr</i>	<i>murde</i> [<i>murte</i>]	<i>murde</i>	
<i>smørja</i>	<i>smør</i>	<i>smurde</i> [<i>smurte</i>]	<i>smurde</i> el. <i>smurte</i>	
<i>spørja</i>	<i>spør</i>	<i>spurde</i> [<i>spurte</i>]	<i>spurde</i> el. <i>spurte</i>	
<i>verja</i>	<i>ver</i>	<i>varde</i> [<i>varte</i>]	<i>varde</i>	<i>Verja</i> kan òg vera a-verb.
<i>yrja</i> (yra, myldra)	<i>yr</i>	<i>urde</i> [<i>urte</i>]	<i>urde</i>	

Følgjer for e-verb med stamme som endar på konsonantane i VI BYGDE OM (tvilstilfella oppstår i ord med stammeutlyd på *-ng*, *-d* og *-m*:

Infinitiv	Presens	Preteritum i dag:	Framlegg i 2010:	Merknad
-ng				Infinitivformene utan <i>j</i> er føreslått jamstelte.
<i>blengja</i> [<i>blenga</i>]		<i>blengde</i> [<i>blengte</i>]	<i>blengde</i>	
<i>dengja</i> [<i>denga</i>]		<i>dengde</i> [<i>dengte</i>]	<i>dengde</i>	
<i>fengja</i> [<i>fenga</i>]		<i>fengde</i> [<i>fengte</i>]	<i>fengde</i>	
<i>flengja</i> [<i>flenga</i>]		<i>flengde</i> [<i>flengte</i>]	<i>flengde</i>	
<i>hengja</i> [<i>henga</i>]		<i>hengde</i> [<i>hengte</i>]	<i>hengde</i>	
<i>klengja</i> [<i>klenga</i>]		<i>klengde</i> [<i>klengte</i>]	<i>klengde</i>	
<i>krengja</i> [<i>krenga</i>]		<i>krengde</i> [<i>krengte</i>]	<i>krengde</i>	
<i>kyngja</i> [<i>kynga</i>]		<i>kyngde</i> [<i>kyngte</i>]	<i>kyngde</i>	
<i>lengja</i> [<i>lenga</i>]		<i>lengde</i> [<i>lengte</i>]	<i>lengde</i>	
<i>mengja</i> [<i>menga</i>]		<i>mengde</i> [<i>mengte</i>]	<i>mengde</i>	
<i>rengja</i> [<i>renga</i>]		<i>rengde</i> [<i>rengte</i>]	<i>rengde</i>	
<i>ringja</i> [<i>ringa</i>]		<i>ringde</i> [<i>ringte</i>]	<i>ringde</i>	
<i>slengja</i> [<i>slenga</i>]		<i>slengde</i> [<i>slengte</i>]	<i>slengde</i>	
<i>slyngja</i> [<i>slynga</i>]		<i>slyngde</i> [<i>slyngte</i>]	<i>slyngde</i>	
<i>sprengja</i> [<i>sprenga</i>]		<i>sprengde</i> [<i>sprengte</i>]	<i>sprengde</i>	
<i>stengja</i> [<i>stenga</i>]		<i>stengde</i> [<i>stengte</i>]	<i>stengde</i>	
<i>svengja</i> [<i>svenga</i>]		<i>svengde</i> [<i>svengte</i>]	<i>svengde</i>	
<i>trengja</i> [<i>trenga</i>]		<i>trengde</i> [<i>trengte</i>]	<i>trengde</i>	
<i>tyngja</i> [<i>tynga</i>]		<i>tyngde</i> [<i>tyngte</i>]	<i>tyngde</i>	
<i>vrengja</i> [<i>vrenga</i>]		<i>vrengde</i> [<i>vrengte</i>]	<i>vrengde</i>	
<i>yngja</i> [<i>ynga</i>]		<i>yngde</i> [<i>yngte</i>]	<i>yngde</i>	
-ld				
<i>eldast</i>		<i>eldest</i> [<i>eldtest</i>]	<i>eldest</i>	
<i>elda</i>		<i>elde</i> [<i>eldte</i>]	<i>elde</i>	
<i>melda</i>		<i>melde</i> [<i>meldte</i>]	<i>melde</i>	
<i>mylda</i>		<i>mylde</i> [<i>myldte</i>]	<i>mylde</i>	
<i>sælde</i>		<i>sælde</i> [<i>sældte</i>]	<i>sælde</i>	
-nd				

<i>henda</i>		<i>hende [hendte]</i>	<i>hende</i>	
<i>senda</i>		<i>sende [sendte]</i>	<i>sende</i>	
<i>venda</i>		<i>vende [vendte]</i>	<i>vende</i>	
-rd				
<i>gyrda</i>		<i>gyrde [gyrdte]</i>	<i>gyrde</i>	
<i>herda</i>		<i>herde [herdte]</i>	<i>herde</i>	
<i>vyrda</i> el. <i>vørda</i>		<i>vyrde</i> el. <i>vørde</i> <i>[vyrdte</i> el. <i>vørdte]</i>	<i>vyrde</i> el. <i>vørde</i>	
-m				
<i>bestemma</i>		<i>bestemde/bestemte</i>	<i>bestemde</i> el. <i>bestemte</i>	<i>Bestemte</i> var eineform lenge, er innarbeidd.
<i>drøyma</i>		<i>drøymde [drøymte]</i>	<i>drøymde</i>	<i>[Drømme – drømte]</i> er føreslått ut.
<i>dømma</i>		<i>dømde [dømte]</i>	<i>dømde</i> el. <i>dømte</i>	
<i>fløyma</i>		<i>fløymde [fløymte]</i>	<i>fløymde</i>	<i>[Flømme – flømte]</i> er føreslått ut.
<i>fremma</i>		<i>fremde [fremte]</i>	<i>fremde</i>	
<i>gløyma</i>		<i>gløymde [gløymte]</i>	<i>gløymde</i>	<i>[Glømme – glømte]</i> er føreslått ut.
<i>gremma</i>		<i>gremde [gremte]</i>	<i>gremde</i>	
<i>gøyma</i>		<i>gøymde [gøymte]</i>	<i>gøymde</i>	<i>[Gjømme – gjømte]</i> er føreslått ut.
<i>lima</i>		<i>limde/limte</i>	<i>limde</i> el. <i>limte</i>	Sidan <i>limte</i> var eineform lenge, er forma så innarbeidd at ho ikkje bør gå ut.
<i>skremma</i> <i>[skræma]</i>		<i>skremde [skræmde]</i> <i>[skremte] [skræmte]</i>	<i>skremde</i>	<i>[Skræma]</i> er føreslått ut av rettskrivinga.
<i>strøyma</i>		<i>strøymde [strøymte]</i>	<i>strøymde</i>	<i>[Strømme – strømte]</i> er føreslått ut.
<i>(svømme)</i>			<i>svømde</i> el. <i>svømte</i>	<i>Svømme</i> er føreslått inn i rettskrivinga, forslag til bøying: <i>svømmer – svømde – svømt</i>
<i>[temma]</i>	<i>[temmer]</i>	<i>[temte]</i>	<i>temde</i>	<i>Temma</i> er føreslått som eige oppslagsord, bør følgja andre verb med utgang på -m-.
<i>ylmast</i>		<i>ylmdest [ylmtest]</i>	<i>ylmdest</i>	

Følgjer for e-verb med stamme som endar på konsonantane i FOLKEPENSJONISTAR (tvilstilfella oppstår i ord med stammeutlyd på -l, -n og -r:

Infinitiv	Presens	Preteritum i dag:	Framlegg i 2010:	Merknad
-l				
<i>tola [tåla]</i>		<i>tolte</i> el. <i>tolde [tålte]</i>	<i>tolte</i>	<i>[tåla]</i> er teken ut av

		el. <i>tålde</i>]		rettskrivinga.
-gl				
<i>negla</i>		<i>neglde [neglte]</i>	<i>neglte</i> el. <i>neglde</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>segla/sigla</i>		<i>siglde [siglte]</i>	<i>siglte</i> el. <i>siglde</i>	Kan òg vera a-verb.
-n				
<i>ana</i>	<i>aner</i>	<i>ante</i>	<i>ante</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>begynna</i>	<i>begynner</i>	<i>begynte</i>	<i>begynte</i>	
<i>brenna</i>	<i>brenner</i>	<i>brende [brente]</i>	<i>brente</i> el. <i>brende</i>	
<i>bryna</i> (kvessa)	<i>bryner</i>	<i>brynte</i>	<i>brynte</i>	
<i>brynna</i> (gi vatn)	<i>brynner</i>	<i>brynde [brynte]</i>	<i>brynte</i> el. <i>brynde</i>	
<i>[drønna]</i>	<i>[drønner]</i>	<i>[drønte]</i>	<i>drønte</i>	Er føreslått som eige oppslagsord.
<i>[dønna]</i>	<i>[dønner]</i>	<i>[dønte]</i>	<i>dønte</i>	Er føreslått som eige oppslagsord.
<i>egna</i>	<i>egner</i>	<i>egnde [regnte]</i>	<i>egnte</i> el. <i>egnde</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>eina</i> (sameina)	<i>einer</i>	<i>einte</i>	<i>einte</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>erkjenna</i>	<i>erkjenner</i>	<i>erkjende [erkjente]</i>	<i>erkjente</i> el. <i>erkjende</i>	
<i>femna</i>	<i>femner</i>	<i>femnde [femnte]</i>	<i>femnte</i> el. <i>femnde</i>	Kan òg vera a-verb; <i>famna</i> er berre a-verb.
<i>fleina</i> (berrleggja)	<i>fleiner</i>	<i>fleinte</i>	<i>fleinte</i>	
<i>fryna</i> (skrukka på nasen)	<i>fryner</i>	<i>frynte</i>	<i>frynte</i>	
<i>frøyna</i> (frøsa)	<i>frøyner</i>	<i>frøynte</i>	<i>frøynte</i>	
<i>geina</i> (geipa; skjena)	<i>geiner</i>	<i>geinte</i>	<i>geinte</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>gjøna</i> (apa; erta)	<i>gjøner</i>	<i>gjønte</i>	<i>gjønte</i>	
<i>glana</i>	<i>glaner</i>	<i>glante</i>	<i>glante</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>grynna</i> (nå botnen, grunnen)	<i>grynner</i>	<i>grynte</i>	<i>grynte</i>	
<i>gyna</i> (gløtta; lura)	<i>gyner</i>	<i>gynte</i>	<i>gynte</i>	
<i>hemna</i>	<i>hemner</i>	<i>hemnde [hemnte]</i>	<i>hemnte</i> el. <i>hemnde</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>håna</i>	<i>håner</i>	<i>hånte</i>	<i>hånte</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>kjenna</i>	<i>kjenner</i>	<i>kjende [kjente]</i>	<i>kjente</i> el. <i>kjende</i>	
<i>klina</i>	<i>kliner</i>	<i>klinte</i>	<i>klinte</i>	
<i>kløna</i>	<i>kløner</i>	<i>klønte</i>	<i>klønte</i>	
<i>kryna</i> (kua; krona)	<i>kryner</i>	<i>krynte</i>	<i>krynte</i>	
<i>kynna</i> (forkynna; gjera tam)	<i>kynner</i>	<i>kynte</i>	<i>kynte</i>	
<i>lena</i>	<i>lener</i>	<i>lente</i>	<i>lente</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>lyna</i>	<i>lyner</i>	<i>lynte</i>	<i>lynte</i>	
<i>løna</i> el. <i>lønna</i>	<i>løn(n)er</i>	<i>lønnte</i>	<i>lønnte</i>	
<i>løyna</i> (skjula)	<i>løyner</i>	<i>løynde [løynte]</i>	<i>løynte</i> el. <i>løynde</i>	
<i>låna</i>	<i>låner</i>	<i>lånte</i>	<i>lånte</i>	
<i>mana</i>	<i>maner</i>	<i>mante</i>	<i>mante</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>meina</i>	<i>meiner</i>	<i>meinte</i>	<i>meinte</i>	
<i>mina</i>	<i>miner</i>	<i>minte</i>	<i>minte</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>minna</i> (m. om)	<i>minner</i>	<i>minte</i>	<i>minte</i>	

<i>nemna</i>	<i>nemner</i>	<i>nemnde [nemnte]</i>	<i>nemnte el. nemnde</i>	
<i>nenna</i> (få seg til)	<i>nenner</i>	<i>nente</i>	<i>nente</i>	
<i>pina</i>	<i>piner</i>	<i>pinte</i>	<i>pinte</i>	
<i>rana</i>	<i>raner</i>	<i>rante</i>	<i>rante</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>regna</i>	<i>regner</i>	<i>regnde [regnte]</i>	<i>regnte el. regnde</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>røyna</i> (erfara)	<i>røyner</i>	<i>røynde [røynte]</i>	<i>røynte el. røynde</i>	
<i>skeina</i> (rispa; flyga skeivt)	<i>skeiner</i>	<i>skeinte</i>	<i>skeinte</i>	
<i>skjenna</i>	<i>skjenner</i>	<i>skjente</i>	<i>skjente</i>	
<i>skjøna</i> el. <i>skjønna</i>	<i>skjøn(n)er</i>	<i>skjønte</i>	<i>skjønte</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>skrøna</i>	<i>skrøner</i>	<i>skrønte</i>	<i>skrønte</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>spenna</i> (strekka ut)	<i>spenner</i>	<i>spente</i>	<i>spente</i>	
<i>stana</i> (stansa)	<i>staner</i>	<i>stante</i>	<i>stante</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>stemna</i>	<i>stemner</i>	<i>stemnde [stemnte]</i>	<i>stemnte el. stemnde</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>strena</i>	<i>strener</i>	<i>strente</i>	<i>strente</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>[stønna]</i>	<i>[stønner]</i>	<i>[stønte]</i>	<i>stønte</i>	Er føreslått som eige oppslagsord.
<i>syna</i>	<i>syner</i>	<i>synte</i>	<i>synte</i>	
<i>tena</i>	<i>tener</i>	<i>tente</i>	<i>tente</i>	
<i>tenna</i>	<i>tenner</i>	<i>tende [tente]</i>	<i>tente el. tende</i>	Jf. <i>tenna</i> – <i>tennte</i>
<i>tenna</i> (setja tenner i)	<i>tenner</i>	<i>tennte</i>	<i>tennte</i>	
<i>tina</i>	<i>tinger</i>	<i>tinte</i>	<i>tinte</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>tyna</i> (kverka)	<i>tyner</i>	<i>tynte</i>	<i>tynte</i>	
<i>tynna</i> (fortynna; gjera grissen)	<i>tynner</i>	<i>tynnte</i>	<i>tynnte</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>una</i> (kosa seg)	<i>uner</i>	<i>unte</i>	<i>unte</i>	
<i>unna</i> (unna seg noko)	<i>unner</i>	<i>unnte</i>	<i>unnte</i>	
<i>[venna]</i>	<i>[venner]</i>	<i>[vente]</i>	<i>vente</i>	Er føreslått som eige oppslagsord.
-r				
<i>fira</i>		<i>firde/firte</i>	<i>firte</i>	
<i>flira</i>		<i>flirde/flirte</i>	<i>flirte</i>	
<i>føra</i>		<i>førde/førte</i>	<i>førte</i>	
<i>høra</i>		<i>hørde/hørte</i>	<i>hørte</i>	<i>Høra</i> er føreslått ut.
<i>høyra</i>		<i>høyde [høyte]</i>	<i>høyte el. høyde</i>	
<i>kjøra</i>		<i>kjørde/kjørte</i>	<i>kjørte</i>	<i>Kjøra</i> er føreslått ut.
<i>klara</i>		<i>klarde/klarte</i>	<i>klarte</i>	
<i>køyra</i>		<i>køyrde [køyte]</i>	<i>køyte el. køyrde</i>	
<i>læra</i>		<i>lærde/lærte</i>	<i>lærte</i>	
<i>styra</i>		<i>styrde/styrte</i>	<i>styrte</i>	
<i>svara</i>		<i>svarde/svarte</i>	<i>svarte</i>	
<i>tora</i>		<i>torde [torte]</i>	<i>torde</i>	

SAMSVARBØYING AV PERFEKTUM PARTISIPP

Alternativa er:

- A. full samsvarbøying i sterke og svake verb i attributiv og predikativ stilling
- B. samsvarbøying i sterke verb i attributiv og predikativ stilling, men ikkje i svake verb (anna enn i attributiv stilling, fleirtal)
- C. samsvarbøying i sterke verb i attributiv stilling, men ikkje i predikativ stilling, og ikkje samsvarbøying i svake verb (anna enn i attributiv stilling, fleirtal).

Eksemplifisert:

		Predikativt	Attributtivt
A.	Sterkt verb	Han/ho er bunden. Det er bunde. Dei er bundne.	Ein bunden hest, ei bunden geit Eit bunde føl Bundne kyr
	Svakt verb	Han, ho er kjend. Det er kjent. Dei er kjende.	Ein kjend mann, ei kjend kvinne Eit kjent sitat Kjende politikarar
B.	Sterkt verb	Han/ho er bunden. Det er bunde. Dei er bundne.	Ein bunden hest, ei bunden geit Eit bunde føl Bundne kyr
	Svakt verb	Han, ho er kjent. Det er kjent. Dei er kjent.	Ein kjent mann, ei kjent kvinne Eit kjent sitat Kjente politikarar
C.	Sterkt verb	Han/ho er bunde. Det er bunde. Dei er bunde.	Ein bunden hest, ei bunden geit Eit bunde føl Bundne kyr
	Svakt verb	Han, ho er kjent. Det er kjent. Dei er kjent.	Ein kjent mann, ei kjent kvinne Eit kjent sitat Kjente politikarar

Frå debatten:

- Samsvarbøying må framleis bestå for dei som ønskjer å bruka det.
- Å ta bort samsvarbøying i sterke verb verkar framandt.
- Argumentet for å føreslå at samsvarbøying skal vera valfritt i svake verb, er at det er mange som ikkje meistrar systemet.
- Også dei som bruker bokmål, har stundom samsvarbøying av partisipp i predikativ stilling, sjølv om det ikkje er rekna som korrekt i bokmål i dag.
- Me bør òg be om reaksjonar på å fjerna samsvarbøying i sterke verb. Tore Elias og Aud lagar eit innlegg om det til Nynorsk 2011.

Førebels vedtak om samsvarbøying av perfektum partisipp:

1. Svake perfektum partisipp i predikativ stilling kan anten ha samsvarbøying eller stå i supinum:
 - a. *han er kjend / kjent* *han er presentert*
 - b. *dei er kjende / kjent* *dei er presenterte*

2. Blir systemet utan samsvarbøying av svake verb brukt i predikativ stilling, skal det òg brukast i attributiv stilling, bortsett frå at partisippet skal bøyst i fleirtal:

ein kjent politikar / kjente politikarar

3. Sterke perfektum partisipp skal ha obligatorisk samsvarbøying i predikativ og attributiv stilling:

*fisken er frosen
vatnet er frose
bollane er frosne*

*ei frosen grein
eit frose bær
frosne greiner*

[-D]-BORTFALL I SUPINUM OG I INKJEKJØNNFORMA AV PERFEKTUM PARTISIPP

Førebels vedtak om supinum av svake verb på -de:

Svake verb med preteritum på *-de* skal ha supinum (= inkjekjønn av perfektum partisipp) på *-t*. Klammeforma på [-d] i supinum (t.d. *kjend*, dvs. "han har kjend smerte") fell bort.

Unntak er verb med *-dde*, *-gde* og *-vde* etter vokal, som skal ha *-d* i supinum (typen *arbeidd*, *bygd*, *kravd*).

SAMSVARBØYING AV SVAKE PARTISIPP AV STERKE VERB

Førebels vedtak om samsvarbøying av svake partisipp av sterke verb:

Desse supinumformene skal ikkje ha samsvarbøying:

blitt, dradd/dratt, fått, gitt, gått, latt, slått, stått, tatt

BØYING AV NOKRE ENKELTVERB

Førebels vedtak om endring i bøyinga av nokre verb:

brøyta <i>brøyter, brøyte, brøytt</i> ; el. <i>brøytar, brøyta, brøyta</i>
eiga <i>eig, åtte, ått</i> ; el. <i>eigde, eigd</i>
lada <i>lader, ladde, ladd</i> ; el. <i>ladar, lada, lada</i>
merkja <i>merkjer, merkte, merkt</i> ; el. merka <i>merkar, merka, merka</i>

nyta *nyt, naut, note* el. *nytt*

skada *skader, skadde, skadd*; el. *skadar, skada, skada*

svekka/svekkja *svekkjer, svekte, svekt*; el. **svekka** *svekkar, svekka, svekka*

6 FORMVERKET – MEIR OM SUBSTANTIV

Denne saka inneheld seks punkt:

- A. Kjønn på nokre substantiv
- B. Skrivemåte og kjønn for substantiv på *-ing/-ning*
- C. Substantiv med nesten lik form, men ulikt kjønn
- D. Substantiv på *-sel/-sle*
- E. Substantiv på *-e/-er*
- F. Substantiv på *-vere/-vær*

KJØNN PÅ NOKRE SUBSTANTIV

Førebels vedtak om endring av kjønn på nokre ord:

Denne bøyinga gjeld i dag:	Denne bøyinga blir gjeldande i ny rettskriving:	Merknad
<i>bise</i> -en, -ar, -ane	<i>bise</i> -a, -er, -ene; el. -en, -ar, -ane	
<i>dialekt</i> -en, -ar, -ane	<i>dialekt</i> -a, -er, -ene; el. -en, -ar, -ane	Andre ord med same suffiks får òg valfri bøyning.

Av tidsomsyn går ikkje nemnda djupare inn i saka om kjønn på enkeltord.

SKRIVEMÅTE OG KJØNN FOR EIN DEL ORD PÅ *-ING* OG *-NING*

Førebels vedtak om reglar for kjønn på ord som endar på *-ing* og *-ning*:

1. Verbalsubstantiv med *-(n)ing* som står for ei handling, er hokjønnsord utan unntak (t.d. *skrivning, modning, utbygging, forvalt(n)ing*).
2. Dei orda på *-ing* som er avleidde av substantiv og adjektiv, er hankjønnsord (m.a. innbyggjarnamn som *sørlending, totning* og *riking, raring*).
3. Person- og dyrenemningar på *-(n)ing* er hankjønnsord (t.d. *villstyring, flyktning, slektning*), unnateke når det biologiske kjønnnet tilseier hokjønn (t.d. *dronning, kjerring*).
4. Nemningar for omgrep som har fjerna seg langt frå det verbale innhaldet, er ofte hankjønn (t.d. *bygning, lusing, smurning*).
5. Suffiksa *-ing* og *-ning* er i prinsippet hokjønnsuffiks. Ord som ikkje passar inn under punkt 1, 2, 3 eller 4, er oftast hokjønnsord.

Nemnda utarbeider ei liste over ord som får endra genus som konsekvens av vedtaket.

SUBSTANTIV MED NESTEN LIK FORM, MEN ULIKT KJØNN

Førebels vedtak om nokre substantiv med nesten lik form, men ulikt kjønn:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:
<i>blekksprut</i> m. el. <i>blekksprute</i> f.	<i>blekksprute</i> f.	<i>blekksprut</i> m.
<i>kleppfisk</i> el. <i>klippfisk</i> m.	<i>kleppfisk</i>	<i>klippfisk</i> m.
<i>krydde</i> f.; el. <i>krydd</i> el. <i>krydder</i> n.	<i>krydde</i> f. el. <i>krydd</i> n.	<i>krydder</i> n.
<i>muskedunder</i> m. el. <i>muskedundre</i> f.	<i>muskedundre</i> f.	<i>muskedunder</i> m.
<i>trikin</i> m. el. <i>trikine</i> f.	<i>trikine</i> f.	<i>trikin</i> m.
<i>trug</i> m. el. <i>truge</i> f.	<i>trug</i> m.	<i>truge</i> f.

Verv og verft bør først opp som ulike oppslag.

SUBSTANTIV PÅ *-SEL/-SLE*

Førebels vedtak om ord på *-sel/-sle*:

Substantiv med suffikset *-sel* er hankjønn (i nokre tilfelle også inkjekjønn), mens substantiv på *-sle* er hokjønn.

Gjeldande rettskriving	Framlegg til ny rettskriving	Merknad
<i>blygsel</i> el. <i>blygsle</i> <i>blygsla</i>	<i>blygsel</i> <i>blygselen</i> ; el. <i>blygsle</i> <i>blygsla</i>	
<i>drygsel</i> el. <i>drygsle</i> <i>drygsla</i>	<i>drygsel</i> <i>drygselen</i> ; el. <i>drygsle</i> <i>drygsla</i>	
<i>ferdsel</i> el. <i>ferdsle</i> <i>ferdsla</i>	<i>ferdsel</i> <i>ferdselen</i> ; el. <i>ferdsle</i> <i>ferdsla</i>	
<i>hørsel</i> el. <i>hørsel</i> el. <i>hørsle</i> el. <i>hørsle</i> <i>hørsla</i> el. <i>hørsla</i>	<i>hørsel</i> <i>hørselen</i> ; el. <i>hørsle</i> <i>hørsla</i>	Høre er føreslått ut av rettskrivinga.
<i>kveiksel</i> el. <i>kveiksle</i> <i>kveiksla</i>	<i>kveiksel</i> <i>kveikselen</i> ; el. <i>kveiksle</i> <i>kveiksla</i>	
<i>pløgsel</i> el. <i>pløgsle</i> <i>pløgsla</i>	<i>pløgsel</i> <i>pløgselen</i> ; el. <i>pløgsle</i> <i>pløgsla</i>	
<i>skirsel</i> el. <i>skirsle</i> <i>skirsla</i> , <i>skirslar</i> , <i>skirslene</i>	<i>skirsel</i> <i>skirselen</i> , <i>skirslar</i> , <i>skirslane</i> ; el. <i>skirsle</i> <i>skirsla</i> , <i>skirslar</i> , <i>skirslene</i>	
<i>trengsel</i> el. <i>trengsle</i> <i>trengsla</i> , <i>trengsler</i> , <i>trengslene</i>	<i>trengsel</i> <i>trengselen</i> , <i>trengslar</i> , <i>trengslane</i> ; el. <i>trengsle</i> , <i>trengsla</i> , <i>trengsler</i> , <i>trengslene</i>	
<i>tyngsel</i> el. <i>tyngsle</i> <i>tyngsla</i> , <i>tyngsler</i> , <i>tyngslene</i>	<i>tyngsel</i> <i>tyngselen</i> , <i>tyngslar</i> , <i>tyngslane</i> ; el. <i>tyngsle</i> <i>tyngsla</i> , <i>tyngsler</i> , <i>tyngslene</i>	

førsel førselen, førslar, førslane; el. førsle førsla, førsler, førslene	førsel førselen, førslar, førslane; el. førsle førsla, førsler, førslene	Som før.
kjørsele kjørselen, kjørslar, kjørslane; el. kjørsele kjørselen, kjørslar, kjørslane; el. kjørsele/kjørsele kjørsla, kjørslar, kjørslene; el. kjørsele/kjørsele kjørsla, kjørslar, kjørslene	kjørsele kjørselen, kjørslar, kjørslane; el. kjørsele kjørsla, kjørslar, kjørslene	Kjóra er føreslått ut.
lengsel lengselen, lengslar, lengslane; el. lengsele –lengsla – lengsler – lengslene	lengsel lengselen, lengslar, lengslane; el. lengsele –lengsla – lengsler – lengslene	Som før.
redsel redselen, redslar, redslane; el. redsele , redsla, redsler, redslene	redsel redselen, redslar, redslane; el. redsele , redsla, redsler, redslene	Som før.
vigsel vigselen, vigslar, vigslane; el. vigsele vigsla, vigslar, vigslene	vigsel vigselen, vigslar, vigslane; el. vigsele vigsla, vigslar, vigslene	Som før.
hengsel hengsla, hengslar, hengslane; el. hengselet el. hengslet, hengsel, hengsla; el. hengsele hengsla, hengslar, hengslane; el. hengslet, hengsel, hengsla	hengsel hengselet el. hengslet, hengsel, hengsla; el. hengsele , hengsla, hengslar, hengslane	
skremsele skremselet el. skremset, skremsele, skremsla; el. skremsele skremsla, skremslar, skremslene	skremsele skremselet el. skremset, skremsele, skremsla; el. skremsele skremsla, skremslar, skremslene	Som før.
stengsel stengselet el. stengset, stengsele, stengsla; el. stengsele stengsla, stengslar, stengslene	stengsel stengselet el. stengset, stengsele, stengsla; el. stengsele stengsla, stengslar, stengslene	Som før.

SUBSTANTIV PÅ -O/-ER

Førebels vedtak om substantiv med valfri ending på -er:

Desse substantiva som før har hatt ei alternativ form med -er, skal no berre ha kortform:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad
blåst el. blåster m. (vind)	blåster	blåst m. (vind)	
ert el. ertar f.		ert el. ertar f.	Som før.
fest el. fester f. (fangline)	fester	fest f. (fangline)	
hogst el. hogster m.	hogster	hogst el. m.	
jest el. jester m. (gjær)		jest el. jester m. (gjær)	Som før.
mast el. master f.	master	mast f.	
rakst el. rakster m.	rakster	rakst m.	

NOKRE SUBSTANTIV PÅ -VERE/-VÆR

Førebels vedtak om substantiv som endar på -vere el. -vær(e):

Suffikset *-vere* går ut av rettskrivinga. Dei fleste orda med dette suffikset får forma *-være*, men *fråvær*, *gladvær*, *nærvær* og *samvær* får forma utan *-e*.

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
<i>einvere f. el. einvære n.</i>		<i>einvære n.</i>	
<i>fråvere f. el. fråvær n. el. fråvære n.</i>	<i>fråvære</i>	<i>fråvær n.</i>	
<i>gladvere f. el. gladvær n.</i>		<i>gladvær n.</i>	
<i>husvære n.</i>		<i>husvære n.</i>	
<i>mellomvere f. el. mellomvære n.</i>		<i>mellomvære n.</i>	
<i>nærvære f. el. nærvær n. el. nærvære n.</i>	<i>nærvære n.</i>	<i>nærvær n.</i>	
<i>omvere f. el. omvære n. (omgivnad)</i>		<i>omvære n. (omgivnad)</i>	
<i>samvere f. el. samvær n. el. samvære n.</i>	<i>samvære n.</i>	<i>samvær n.</i>	
<i>tilvere f. el. tilvære n.</i>		<i>tilvære n.</i>	
<i>velvere f. el. velvære n.</i>		<i>velvære n.</i>	

7 FORMVERKET – MEIR OM ADJEKTIV OG ADVERB

SUFFIKS I ADJEKTIV OG ADVERB

Denne saka dreier seg om valfrie former av suffiks som blir brukte til å laga adjektiv eller adverb.

Førebels vedtak om nokre adjektiv- og adverbsuffiks:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:
- <i>ande</i> el. - <i>ende</i>	- <i>ende</i>	- <i>ande</i>
- <i>beina</i> el. - <i>beint</i>		- <i>beina</i> el. - <i>beint</i>
- <i>egga</i> el. <i>eggja</i>	- <i>eggja</i>	- <i>egga</i>
- <i>et</i> el. - <i>ete</i> el. - <i>ut</i>	- <i>et</i> el. - <i>ut</i>	- <i>ete</i>
- <i>ig</i> el. - <i>ug</i>		- <i>ig</i> el. - <i>ug</i>
- <i>høgda</i> el. - <i>høgdes</i>	- <i>høgdes</i>	- <i>høgda</i>
- <i>leg</i> [- <i>lig</i>]	[- <i>lig</i>]	- <i>leg</i>
- <i>lenges</i> el. - <i>lengs</i>	- <i>lenges</i>	- <i>lengs</i>
- <i>lyndt</i> el. - <i>lynt</i>		- <i>lyndt</i> el. - <i>lynt</i>
- <i>rygga</i> el. - <i>ryggja</i>	- <i>ryggja</i>	- <i>rygga</i>
- <i>skjeggja</i> [- <i>skjeggga</i>]	- <i>skjeggja</i>	- <i>skjeggja</i>
- <i>søles</i> el. - <i>sølt</i>		- <i>søles</i> el. - <i>sølt</i>
- <i>veges</i> el. - <i>vegs</i>		- <i>veges</i> el. - <i>vegs</i>
- <i>vend</i> [- <i>vendt</i>]		- <i>vend</i> el. - <i>vendt</i>
- <i>vertes</i> el. - <i>vortes</i>	- <i>vertes</i>	- <i>vortes</i>
- <i>vinn</i> el. - <i>vint</i>		- <i>vinn</i> el. - <i>vint</i>
- <i>viljug</i> el. - <i>villig</i>		- <i>viljug</i> el. - <i>villig</i>
- <i>værig</i> el. - <i>værug</i>		- <i>værig</i> el. - <i>værug</i>
- <i>øyra</i> [ø <i>ra</i>] el. - <i>øyr</i> d [ø <i>rt</i>]	[ø <i>ra</i>] el. [ø <i>rt</i>]	- <i>øyra</i> el. - <i>øyr</i> d

8 LYDVERKET – NOKO ETTERRAKST

Det står att noko frå tidlegare møte:

- Adjektiv med og utan binde-e
- Einskildord som ikkje er vurderte før
- Ord med to valfrie former

ADJEKTIV MED OG UTAN BINDE-E

Førebels vedtak om adjektiv med og utan binde-e:

- Adjektiv med og utan binde-e blir ståande som før.
- Adjektivforma *opphaveleg* blir jamstelt med *opphavleg*.
- Adjektivforma *sjukeleg* blir jamstelt med *sjukleg*.

Desse orda kan eventuelt vurderast dersom det blir tid: *makleg*, *appetittleg*

EINSKILDORD SOM BØR VURDERAST

Førebels vedtak om nokre einskildord som får endra skrivemåte:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:
<i>fråssa</i> v. (øydsla)	<i>fråssa</i>	<i>fråtsa</i> v. (øydsla)
<i>trøde</i> f. (pedal)		<i>trøde</i> el. <i>trøe</i> f. (pedal)
<i>trøde</i> n. (kve)		<i>trøde</i> el. <i>trøe</i> n. (kve)

ORD MED TO VALFRIE FORMER

Desse orda med to valfrie former står att etter sist møte.

Førebels vedtak om ord med to jamstelte former:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
<i>egd</i> el. <i>egde</i> m.		<i>egd</i> el. <i>egde</i> m.	Som før; jf. tidlegare vedtak om å ta ut <i>egd</i> .

<i>julestrid</i> f.	<i>julestrid</i>	<i>julestri</i> f.	
<i>strekke</i> , -er, strakte el. strekte, strakt/strekt	strakte, strakt	<i>strekke</i> , -er, strekte, strekt	
<i>torste</i> el. <i>tørst</i> el. <i>tørste</i> m.	<i>torste</i>	<i>tørst</i> el. <i>tørste</i> m.	
<i>torstug</i> el. <i>tørstig</i> adj.	<i>torstug</i>	<i>tørstig</i> adj.	
<i>trikk</i> el. <i>triks</i> n. (knep)	<i>trikk</i>	<i>triks</i> n. (knep)	
<i>trillebør</i> el. <i>trillebår</i> f.	<i>trillebør</i>	<i>trillebår</i> el. <i>trillebåre</i> f.	
<i>tvore</i> [turu] f.		<i>tvore</i> el. <i>turu</i> f.	
<i>tyre</i> el. <i>tyri</i> m. el. n.	<i>tyre</i>	<i>tyri</i> m. el. n.	
<i>tørkle</i> el. <i>tørklede</i> n.	<i>tørklede</i>	<i>tørkle</i> n.	
<i>usturteleg</i> el. <i>ustyrteleg</i> adj.	<i>usturteleg</i>	<i>ustyrteleg</i> adj.	
<i>utdana</i> el. <i>utdanna</i> v.	<i>utdana</i>	<i>utdanna</i> v.	
<i>utstrakt</i> el. <i>utstrekt</i> adj.	<i>utstrakt</i>	<i>utstrekt</i> adj.	
<i>utvertes</i> el. <i>utvortes</i> adj.	<i>utvertes</i>	<i>utvortes</i> adj.	
<i>van</i> el. <i>vand</i> [vant] adj.		<i>van</i> adj.; <i>vand</i> el. <i>vant</i> adj.	To ulike oppslagsord.
<i>vattersott</i> el. <i>vattersott</i> f.	<i>vattersott</i>	<i>vattersott</i> f.	
<i>vel</i> el. <i>vell</i> n. (-foreining)	<i>vell</i>	<i>vel</i> n. (-foreining)	
<i>vri</i> el. <i>vrid</i> m.	<i>vrid</i>	<i>vri</i> m.	
<i>vriar</i> el. <i>vridar</i> m.	<i>vriar</i>	<i>vridar</i> m.	
<i>vrien</i> el. <i>vriden</i> adj. (vrang)	<i>vriden</i>	<i>vrien</i> adj. (vrang)	
<i>ørsk</i> el. <i>ørsk</i> adj.	<i>ørsk</i>	<i>ørsk</i> adj.	
<i>åkle</i> el. <i>åklede</i> n.	<i>åklede</i>	<i>åkle</i> n.	

ORIENTERINGSSAKER:

SUBSTANTIV SOM ENDAR PÅ VALFRI -E

I sist møte bestemte nemnda at ho ikkje ville bruka tid på substantiv som har to valfrie former, den eine med utgang på *-e*, den andre utan. Her er eit oversyn over orda det gjeld. I nokre tilfelle gjorde nemnda vedtak om endring. Det er då referert i oversikta.

Dagens rettskriving	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad
<i>bakkels</i> el. <i>bakkelse</i> m. el. n		<i>bakkels</i> el. <i>bakkelse</i> m. el. n.	
<i>bard</i> el. <i>barde</i> m. (kant)		<i>bard</i> el. <i>barde</i> m. (kant)	
<i>berm</i> el. <i>berme</i> m.		<i>berm</i> el. <i>berme</i> m.	
<i>bing</i> el. <i>binge</i> m.		<i>bing</i> el. <i>binge</i> m.	Ingen døme på <i>bing</i> , 24 på <i>binge</i> .
<i>blom</i> el. <i>blome</i> (el. <i>blomster</i>) m.		<i>blom</i> el. <i>blome</i> (el. <i>blomster</i>) m.	
<i>båk</i> el. <i>båke</i> m. (sjømerke)		<i>båk</i> el. <i>båke</i> m. (sjømerke)	
<i>bår</i> el. <i>båre</i> f. (trille-)		<i>bår</i> el. <i>båre</i> f. (trille-)	
<i>då</i> el. <i>dåe</i> m. (plante)	<i>dåe</i>	<i>då</i> m.	
<i>faut</i> el. <i>faute</i> f. el. m. (fuge, gjenge)		<i>faut</i> el. <i>faute</i> f. el. m. (fuge, gjenge)	
<i>fivrelld</i> el. <i>fivrelde</i> n.	<i>fivrelde</i>	<i>fivrelld</i> n.	
<i>frakk</i> el. <i>frakke</i> m.		<i>frakk</i> el. <i>frakke</i> m.	
<i>galt</i> el. <i>galte</i> m.		<i>galt</i> el. <i>galte</i> m.	
<i>geil</i> el. <i>geile</i> f. el. m.		<i>geil</i> el. <i>geile</i> f. el. m.	
<i>glugg</i> el. <i>glugge</i> m.		<i>glugg</i> el. <i>glugge</i> m.	
<i>hakkels</i> el. <i>hakkelse</i> m.		<i>hakkels</i> el. <i>hakkelse</i> m.	
<i>hann</i> el. <i>hanne</i> m.		<i>hann</i> el. <i>hanne</i> m.	
<i>harm</i> el. <i>harme</i> m.		<i>harm</i> el. <i>harme</i> m.	
<i>harp</i> el. <i>harpe</i> f. (fiskereiskap)		<i>harp</i> el. <i>harpe</i> f. (fiskereiskap)	
<i>hasp</i> m. el. <i>haspe</i> f.		<i>hasp</i> m. el. <i>haspe</i> f.	
<i>hems</i> el. <i>hemse</i> m.		<i>hems</i> el. <i>hemse</i> m.	
<i>ho</i> el. <i>hoe</i> f.		<i>ho</i> el. <i>hoe</i> f.	
<i>hoft</i> el. <i>hofte</i> f.		<i>hoft</i> el. <i>hofte</i> f.	
<i>holm</i> el. <i>holme</i> m.	<i>holm</i>	<i>holme</i> m.	
<i>håk</i> el. <i>håke</i> m. (tosk)		<i>håk</i> el. <i>håke</i> m. (tosk)	
<i>jar</i> el. <i>jare</i> m. (kant)		<i>jar</i> el. <i>jare</i> m. (kant)	
<i>kabyss</i> el. <i>kabysse</i> f.		<i>kabyss</i> el. <i>kabysse</i> f.	
<i>kagg</i> el. <i>kagge</i> m.		<i>kagg</i> el. <i>kagge</i> m.	
<i>kahytt</i> el. <i>kahytte</i> f.		<i>kahytt</i> el. <i>kahytte</i> f.	
<i>kal</i> el. <i>kale</i> m.		<i>kal</i> el. <i>kale</i> m.	
<i>kim</i> el. <i>kime</i> m.		<i>kim</i> el. <i>kime</i> m.	
<i>kip</i> el. <i>kipe</i> f. (korg)		<i>kip</i> el. <i>kipe</i> f. (korg)	

<i>kjel</i> el. <i>kjele</i> m.		<i>kjel</i> el. <i>kjele</i> m.	
<i>kjærast</i> el. <i>kjæraste</i> m.		<i>kjærast</i> el. <i>kjæraste</i> m.	
<i>klaff</i> el. <i>klaffe</i> m.		el <i>klaff</i> . el. <i>klaffe</i> m.	
<i>knagg</i> el. <i>knagge</i> m.		<i>knagg</i> el. <i>knagge</i> m.	
<i>knok</i> el. <i>knoke</i> m.		<i>knok</i> el. <i>knoke</i> m.	
<i>knut</i> el. <i>knute</i> m.		<i>knut</i> el. <i>knute</i> m.	
<i>kogg</i> el. <i>kogge</i> m.		<i>kogg</i> el. <i>kogge</i> m.	
<i>krik</i> el. <i>krike</i> m.		<i>krik</i> el. <i>krike</i> m.	
<i>krønik</i> el. <i>krønike</i> f.	<i>krønik</i>	<i>krønike</i> f.	
<i>køy</i> el. <i>køye</i> f.		<i>køy</i> el. <i>køye</i> f.	
<i>legd</i> el. <i>legde</i> f.		<i>legd</i> el. <i>legde</i> f.	
<i>lekt</i> el. <i>lekte</i> f.		<i>lekt</i> el. <i>lekte</i> f.	
<i>malm</i> el. <i>malme</i> m. (kjerneved)		<i>malm</i> el. <i>malme</i> m. (kjerneved)	
<i>marimess</i> el. <i>marimesse</i> f.		<i>marimess</i> el. <i>marimesse</i> f.	-mess berre i samansetningar.
<i>matauk</i> el. <i>matauke</i> m.		<i>matauk</i> el. <i>matauke</i> m.	<i>Auk</i> brukt i samansetningar; elles helst <i>auke</i> .
<i>meis</i> el. <i>meise</i> m. (fugl)		<i>meis</i> el. <i>meise</i> m. (fugl)	
<i>milt</i> el. <i>milte</i> m.		<i>milt</i> el. <i>milte</i> m.	
<i>nabb</i> el. <i>nabbe</i> m.		<i>nabb</i> el. <i>nabbe</i> m.	
<i>nip</i> el. <i>nipe</i> m. (berghammar)		<i>nip</i> el. <i>nipe</i> m. (berghammar)	
<i>nokk</i> el. <i>nokke</i> m. (jernkrok)		<i>nokk</i> el. <i>nokke</i> m. (jernkrok)	
<i>peng</i> el. <i>penge</i> m.		<i>peng</i> el. <i>penge</i> m.	Ingen treff på <i>peng</i> , mange på <i>penge</i> .
<i>pinn</i> el. <i>pinne</i> m.		<i>pinn</i> el. <i>pinne</i> m.	Tydingsskilnad?
<i>pins</i> el. <i>pinse</i> f. el. m. (-helg)	<i>pins</i>	<i>pinse</i> f. el. m. (-helg)	3 treff på <i>pins</i> , 50 på <i>pinse</i> .
<i>premi</i> el. <i>premie</i> m.	<i>premi</i>	<i>premie</i> m.	2 treff på <i>premi</i> , 150 på <i>premie</i> .
<i>rabb</i> el. <i>rabbe</i> m. (berg-)		<i>rabb</i> el. <i>rabbe</i> m. (berg-)	
<i>raudåt</i> el. <i>raudåte</i> f. (småkreps)		<i>raudåt</i> el. <i>raudåte</i> f.	
<i>rein</i> el. <i>reine</i> f. (åker-)		<i>rein</i> el. <i>reine</i> f. (åker-)	
<i>reis</i> el. <i>reise</i> f.		<i>reis</i> el. <i>reise</i> f.	
<i>rip</i> el. <i>ripe</i> f. (båt-)		<i>rip</i> el. <i>ripe</i> f. (båt-)	<i>Rip</i> har fl. -ar, -ane [-er, -ene].
<i>rue</i> el. <i>ruve</i> f. (dunge)		<i>rue</i> el. <i>ruve</i> f. (dunge)	
<i>runn</i> el. <i>runne</i> m. (kratt)		<i>runn</i> el. <i>runne</i> m. (kratt)	
<i>rånokk</i> el. <i>rånokke</i> m. (enden av ei rå)		<i>rånokk</i> el. <i>rånokke</i> m. (enden av ei rå)	
<i>sen</i> el. <i>sene</i> f.		<i>sen</i> el. <i>sene</i> f.	
<i>sjapp</i> el. <i>sjappe</i> f.	<i>sjapp</i>	<i>sjappe</i> f.	
<i>skantil</i> el. <i>skantile</i> n. (gjødselrenne i fjøs)		<i>skantil</i> el. <i>skantile</i> n. (gjødselrenne i fjøs)	
<i>skodd</i> el. <i>skodde</i> f.		<i>skodd</i> el. <i>skodde</i> f.	
<i>skår</i> el. <i>skåre</i> m. (ljàdrag)		<i>skår</i> el. <i>skåre</i> m. (ljàdrag)	
<i>skårung</i> el. <i>skårunge</i> m. (måkeunge; førstereisgut)		<i>skårung</i> el. <i>skårunge</i> m. (måkeunge; førstereisgut)	

<i>sleid</i> el. <i>sleide</i> m. (maskindel)		<i>sleid</i> el. <i>sleide</i> m. (maskindel)	
<i>slett</i> el. <i>slette</i> f.	<i>slett</i>	<i>slette</i> f.	
<i>slir</i> el. <i>slire</i> f. (kniv og s.)		<i>slir</i> el. <i>slire</i> f. (kniv og s.)	
<i>slisk</i> el. <i>sliske</i> m. (planke)		<i>slisk</i> el. <i>sliske</i> m. (planke)	
<i>sliss</i> el. <i>slisse</i> m. (spalte)		<i>sliss</i> el. <i>slisse</i> m. (spalte)	
<i>slodd</i> el. <i>slodde</i> f. el. m. (reiskap)		<i>slodd</i> el. <i>slodde</i> f. el. m. (reiskap)	
<i>snerk</i> el. <i>snerke</i> m. (hinne)		<i>snerk</i> el. <i>snerke</i> m. (hinne)	
<i>snitt</i> el. <i>snitte</i> m. (smørbrød)		<i>snitt</i> el. <i>snitte</i> m. (smørbrød)	Ingen døme på nokon av orda i eintal.
<i>snurrebass</i> el. <i>snurrebasse</i> m.		<i>snurrebass</i> el. <i>snurrebasse</i> m.	
<i>snut</i> el. <i>snute</i> m.		<i>snut</i> el. <i>snute</i> m.	
<i>spyttebakk</i> el. <i>spyttebakke</i> m.		<i>spyttebakk</i> el. <i>spyttebakke</i> m.	
<i>stallar</i> el. <i>stallare</i> m. (hovmeister i norrøn tid)		<i>stallar</i> el. <i>stallare</i> m. (hovmeister i norrøn tid)	
<i>star</i> el. <i>stare</i> m. (fugl)		<i>star</i> el. <i>stare</i> m. (fugl)	
<i>stygge</i> el. <i>stygge</i> m. (mothug)		<i>stygge</i> el. <i>stygge</i> m. (mothug)	
<i>sve</i> el. <i>svede</i> f. (avsvidd mark)		<i>sve</i> el. <i>svede</i> f. (avsvidd mark)	
<i>sykn</i> el. <i>sykne</i> f.		<i>sykn</i> el. <i>sykne</i> f.	
<i>tagg</i> el. <i>tagge</i> m. (sinna-)		<i>tagg</i> el. <i>tagge</i> m. (sinna-)	
<i>tars</i> el. <i>tarse</i> m. (mellomfot på fugl)		<i>tars</i> el. <i>tarse</i> m. (mellomfot på fugl)	
<i>tass</i> el. <i>tasse</i> m.		<i>tass</i> el. <i>tasse</i> m.	
<i>teist</i> el. <i>teiste</i> m. (fugl)		<i>teist</i> el. <i>teiste</i> m. (fugl)	
<i>tenest</i> el. <i>teneste</i> f.	<i>tenest</i>	<i>teneste</i> f.	
<i>testament</i> el. <i>testamente</i> n.		<i>testament</i> el. <i>testamente</i> n.	
<i>tit</i> el. <i>tite</i> f. (fugl)		<i>tit</i> el. <i>tite</i> f. (fugl)	
<i>trevl</i> el. <i>trevle</i> m.		<i>trevl</i> el. <i>trevle</i> m.	
<i>tuft</i> el. <i>tuft</i> m. (tuftekall)		<i>tuft</i> el. <i>tuft</i> m. (tuftekall)	
<i>tuss</i> el. <i>tusse</i> m.		<i>tuss</i> el. <i>tusse</i> m.	
<i>vals</i> el. <i>valse</i> m.		<i>vals</i> el. <i>valse</i> m.	
<i>vassarv</i> el. <i>vassarve</i> m.		<i>vassarv</i> el. <i>vassarve</i> m.	Lids flora: <i>vassarve</i>
<i>vidd</i> el. <i>vidde</i> f. (fjell-)		<i>vidd</i> el. <i>vidde</i> f. (fjell-)	
<i>vedbend</i> el. <i>vedbende</i> m.		<i>vedbend</i> el. <i>vedbende</i> m.	<i>Bergflette</i> brukt i Lids flora.
<i>veik</i> el. <i>veike</i> m.		<i>veik</i> el. <i>veike</i> m.	<i>Veik</i> er i-stamme; <i>veike</i> har vanleg hankjønnsbøying.
<i>veit</i> el. <i>veite</i> f.		<i>veit</i> el. <i>veite</i> f.	
<i>vend</i> el. <i>vende</i> f. (gong)		<i>vend</i> el. <i>vende</i> f. (gong)	Nyansar i tydingar?
<i>vidvank</i> el. <i>vidvanke</i> m.		<i>vidvank</i> el. <i>vidvanke</i> m.	
<i>ørekyt</i> el. <i>ørekyte</i> f.		<i>ørekyt</i> el. <i>ørekyte</i> f.	
<i>år</i> el. <i>åre</i> f. (blod-; skips-)		<i>år</i> el. <i>åre</i> f. (blod-; skips-)	

FOLKENAMN

Her følger ei liste over ein del folkenamn som i dag har ei lang og ei kort form. Etter vedtaket vårt i juni om å fjerna kortformene kjem desse namna til å sjå slik ut:

afghanar	guineanar	nordafrikanar
afrikanar		nordkoreanar
afrikandar	hellenar	
albanar	herrnhutar	panamanar
alemannar	honduranar	papuanar
augustinar	hunar	paraguayanar
		peruanar
benediktinar	irokesar	portugisar
bernhardinar	ivorianar	puertoricanar el.
birgittinar		puertorikanar
birkebeinar	jakobinar	puritanar
bolivianar	jamaicanar el. jamaikanar	
botswanar	johanittar	rumenar
bulgarar		
bysantinar	kambodsjanar	salvadoranar
	kapusinar	samoanar
chilenar	karolingar	sicilianar el. sisilianar
colombianar el.	keltar	slavar
kolombianar	kenyanar	slovenar
costaricanar el.	koreanar	spartanar
kostarikanar	kosovoalbanar	sørafrikanar
cubanar el. kubanar		sørkoreanar
	lutheranar	
dominikanar		teutonar
	maldivar	tibetanar
ecuadorianar	mallorcanar el.	trojanar
	mallorkanar	tsjekkar
fijianar	marokkanar	turkmenar
fransiskanar	meksikanar el. mexicanar	
	merovingar	ungarar
galatar	mohikanar	uruguayanar
germanar	monegaskar	
girondeinar		venezuelanar
guatemalanar	nicaraguanar	vestafrikanar

Aud Søyland refererte.